Austevoll opplæringskontor 2
Bilbransjens opplæringskontor Sogn og Fjordane 4
Blikkenslagermestrenes opplæringskontor 6
Byggopp og EBA 7
Handalag opplæringskontor 11
Maritimt Opplæringskontor SørVest Norge 12
Nelfo Sogn og Fjordane 13
Nordfjord opplæringskontor 15
OKEL Bergen og omegn 19
Opplæringskontor for tilrettelagt fagopplæring 20
Opplæringskontoret for Anleggs- og Bergfagene 22
Opplæringskontoret for Hardanger 23
Opplæringskontoret for Nordhordland 25
Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane 30
PRO Vestland 31
Ytre Sunnhordland opplæringskontor 33

## Tor Ivar Sagen Sandvik

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Arne Lier <arne.lier@okaustevoll.no> |
| **Sendt:** | torsdag 8. oktober 2020 11:07 |
| **Til:** | Tor Ivar Sagen Sandvik; Susan Kathinka Halvorsen Husabø |
| **Kopi:** | Inge Jarl Austetad (ija@maropp.no) |
| **Emne:** | Opplæringstilbodet neste skuleår |

Hei,

Viser til innspel i epost og fra VGS og maritime opplæringskontor ved Inge Jarl Auestad.

Vi har ved hoved-inntaket i 2020 fått dekka størsteparten av behovet ved bedriftene. Hittil har vi tatt inn 62 lærlingar i 2020 og mht dei einskilde faga så er vi for 2020. Vi venter dette talet vil auke jamn til opp mot ca 70 stk totalt for 2020.
I lys av situasjonen for næringslivet så er vi nøgde med inntaket og har konkludert med at så langt har markedssituasjonen i liten grad redusert inntaket av lærlingar.

Dette er meir usikkert på lengre sikt. For 2021 og truleg 2022 vil markedsusikkerhet , økonomi i bedrifter og korona truleg spele inn. Men ut frå nå-situasjonen forventer stabilitet og svak vekst.

| **Datagrunnlag/ fag i dei store faga** | **2020** | **2021** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|
| Akvakultur | 20 | 15 | Forventer sakte vekst. Basert på eksisterande kontraktar |
| Matros | 22 | 21 | Stabilt. Basert på eksisterande kontraktar.<br>Mogleg reduksjon innan offshore kan oppvegast av synleg vekst innan oppdretts service. |
| Motormann | 17 | 17 | Stabilt. Basert på eksisterande kontraktar |
| Fiske fangst | 12 | 17 | Sabilt men ujevnt. Dette skyldes bransjen. Vil arbeide for betre utnyttelse av plasser for fiske / fangst elevar ved å redusere inntak av matrosar på fiskebåt |
| Elektriker / skipelektriker | 5 | 9 | Stabilt. Basert på eksisterande kontraktar |
| Barne / ungdom og helsefag | 5 | 4 | Prøver å betre samarbeidet med Austevoll Kommune om lærlingplan |
| **Andre fag vi ser endring i er:** | | | |
| Automatikerfaget | 1 | ? | Teknologi. Her prøver i å fange større interesse hos bedrifter |
| Logistikk | Nytt fag | ? | Ta ut eit større potenisale . Her prøver i å fange større interesse hos bedrifter |
| Salg | Lite interesse | ? | Auka interesse. Kan være eit nyttig fag |
| Anleggsmaskinfører | 0 | ? | Auka interesse. Kan være eit nyttig fag |
| Byggdrift | 0 | ? | Her prøver i å fange større interesse hos bedrifter |

Vi støtter forslag til dimensjonering fra andre opplæringskontor.

Vi håper på  godt samarbeid mellom opplæringskontora og fylker og på tvers av fylkes- og regionsgrenser slik at endringar i behova lettast kan dekkast.

Med vennleg helsing

**Arne Lier**
Dagleg leiar

Austevoll Opplæringskontor

Prestanesvegen 29, 5392 Storebø

Tlf 55082504
Mobil 41564070
www.okaustevoll.no

Til avdeling for opplæring og kompetanse
Vestland fylkeskommune

Førde 08.10.2020

## Innspel til dimensjonering av elevplassar for skuleåret 2021-2022

Bilbransjens opplæringskontor, Sogn og Fjordane har medlemsbedrifter i dei tre regionane Nordfjord, Sogn og Sunnfjord. Vi kjenner bilbransjen i desse områda godt, å vi har opplæringsansvaret for nær 100% av læringane til bilbransjen i området. Vi har mindre kunnskap om utfordringane i området Hordaland og vil derfor ikkje kommentere dette området i denne omgang.

### Vg2 køyretøy

Sidan **vg2 bilskade, lakk og karosseri** lina i Førde ikkje blei utlyst etter fylkessamanslåinga, er det no berre Slåtthaug videregående skole sør for Bergen som tilbyr **vg2 bilskade, lakk og karosseri**. Denne klassen er viktig for bergensområdet, men plassert langt vekke for ungdomar i frå området Sogn og Fjordane. Vi har alt erfart at dei fleste frå området Sogn og Fjordane som ynskjer seg læreplass i **bilskadefaget** og **billakkerarfaget** ,vel **vg2 køyretøy** i nærområdet i staden for å reise til Bergen.

Ut i frå våre erfaringar så skal dei tre **vg2 køyretøy** klassane med til saman 36 elevar i området Sogn og Fjordane rekruttere til fylgjande fag og læreplassar:
22 x bilfaget, lette køyretøy
6 x bilfaget, tunge køyretøy
3 x reservedelsfaget
1 x motorsykkelfaget
4 x bilskadefaget
3 x billakkerarfaget
3 x bilpleiefaget

Dette syner at det er ca. 42 læreplassar som skal fyllast kvart år, men det er berre 36 elevplassar på **vg2 køyretøy** i «vårt» område. I desse tala har vi ikkje teke med motormekanikarfaget som og skal rekruttera i frå **vg2 køyretøy**. Vi ber om at det blir sett på moglegheitene for å auke tal plassar på dei tre **vg2 køyretøy** klassane i Sogn og Fjordane.

## Vg1 teknologi- og industrifag

Vi meiner at det for skuleåret 2018-2019 var for få elevplassar på vg1 TIP i Sogn og Fjordane, dette blei retta opp for skuleåret 2019-2020. Vi trur at vg1 teknologi- og industrifag er rett dimensjonert i Sogn og Fjordane.

Vi minner om at det er viktig for næringslivet å behalde vg1 klassane desentralisert, og tek fram Stryn som eit eksempel på kva som skjer når elevane ikkje har vg1 tilbod på «sin» skule. Etter at vg1 TIP kom på plass att på skulen, har vi igjen elevar i frå dette området som går vg2 køyretøy, og andre andre «tip-fag». Dette er bra for elevane og lokalt næringsliv.

Helsing

Roald Standnes Digitalt signert av Roald Standnes
Dato: 2020.10.08 01:44:26 +02'00'

Bilbransjens opplæringskontor, Sogn og Fjordane

Stiftelsen
Blikkenslagermestrenes Opplæringskontor
Storbotn 114, 5106 Øvre Ervik · tlf. 55 31 80 04 · Mob. 915 57 453
E-post: bobergen@bkbl.no · Internett: www.bkbl.no · Org.nr. 976 924 320

# Vedrørende opplæringstilbud for skoleåret 2021/2022

Bergen den 07. oktober 2020

Viser til teams- møte 01. oktober der vi blir bedt om å komme med innstilling til utdanningstilbud for neste skoleår.

I dette tilbudet regner vi med at det ligger en del føringer rundt økonomi og antall søkere for å opprette diverse linjer. Det blir fra høsten av flere nye VG2 løp som tidligere ikke har vært tilgjengelig. En del av disse nye løpene krever plass, utstyr, maskiner og lærekrefter, noe som gjerne ikke er tilfelle pr. dags dato. Vi er også litt usikre på om skolene vil markedsføre disse tilbudene på lik linje som andre tilbud på skolene.

Vi, Ventilasjons- og Blikkenslagerfaget, er ett av de fagene som kommer til å få nytt VG2 løp fra høsten 2021. Vi møter også på, ovenfor beskrevne problemstillinger på dagens videregående skoler. Vi skal sammen med 2 andre fag, hvor ett av dem ikke tidligere har hatt VG2 løp, jobbe for å få i gang dette VG2 løpet. Etterspørselen etter lærlinger i disse fagene er stor, og vi klarer ikke å få nok søkere til disse fagene pr. i dag. Bare vårt fag kan ta inn i overkant av en full klasse hvert år, noe som viser at det er brukt for et slikt tilbud fremover.

Vi håper på det sterkeste at (dagens arbeidstittel for denne linjen er: Ventilasjon, membran og taktekkerfaget) linjen som vi ønsker skal kalles, VG2 Klima, energi og miljø, blir opprettet som et tilbud for elevene fra neste år.

Vi har sendt henvendelse til leder av hovedutvalget, hvor vi har bedt om et møte for å komme med informasjon og forslag til løsninger på hvordan dette tilbudet kan gjennomføres uten de store investeringer og kostnader. Vi håper at et slikt møte kan snarlig finne sted og ønsker også andre utvalg i fylke velkommen til et slikt møte.

Vi ønsker også å markedsføre dette tilbudet ovenfor elevene, men trenger da å være sikker på at dette blir ett tilbud fra neste høst, og hvor dette tilbudet blir.

Med vennlig hilsen

Kjell Hæggernæs

Kjell Hæggernæs
Daglig leder

I Vestland fylke er 70 av entreprenørene organisert i EBA Vestenfjelske. I Byggopp Vestland er det i tillegg 210 andre bedrifter som medlem, slik at vår samlede struktur på opplæring omfatter 280 bedrifter. Pr dato har disse bedriftene 430 lærlinger i Byggopp Vestland, noe som gjør Byggopp til et av de største opplæringskontorene i Vestland fylke.

Byggopp Vestland er bransjespesifikk, med kjernefagene; betong, tømmer, byggdrifter, rør og vbl i tillegg til enkelte lærlinger i andre fag.

Vi påpeker for ordens skyld det faktum at en stor del av våre lærlinger de siste årene ikke kommer under en standard 2+2 utdanning. Nær 40% av våre lærlinger kommer fra 0+4, 1+3 eller er eldre lærlinger. Vi har hatt stor suksess med å få disse atypiske lærlingene gjennom utdanningsløpet.

Vi er det eneste opplæringskontoret som har spesialisering på det for entreprenørene svært viktige betongfaget, (vi er landets største kontor innenfor faget). Faget har de siste årene hatt en underdekning og vi/skolene/fylkeskommunen har ikke klart å levere nok kvalifiserte søkere til våre bedrifter. Delingen av VG2 Byggteknikk til VG2 Tømrer og VG2 Betong/Mur gir store utfordringer og vi kan risikere at underdekningen blir enda større. Særlig om det blir for få tilbud. I Vestland Sør er ansvaret for å tilby VG2 Betong/Mur i forslaget lagt til 4 skoler: Åsane vgs, Slåtthaug vgs, Voss vgs og Sotra vgs. I Vestland Nord er det inne forslag om kombiklasser for VG2 betong/tømrer ved Øyrane og Sogndal, det vil være samme behov Stryn vgs. Det er på dette grunnlag åpenbart behov for flere geografisk tilpassede løsninger for å ivareta betongfaget i Vestland fylke, slik som angitt i møte med utdanningsdirektøren den 4.6.2020. Utfordringen kan delvis løses gjennom kombiløsninger.

Det påpekes videre at for rekruttering til bygg og anlegg generelt så er det særdeles viktig at VG1 bygg og anleggsteknikk blir gitt som tilbud i så store deler av fylket som mulig. De siste års erfaringer viser at det ikke nytter å sentralisere utdanningen. Hver gang bygg og anleggstilbudet blir lagt ned ved en skole forsvinner rekrutteringen fra området.

Hafs regionen har hatt ein dramatisk nedgang i antall søkjarar til Bygg og anleggsteknink etter at linja vart nedlagt i 2014.

Vi har statestikk på antall søkjarar til denne linja frå 2006-2014. Her var fulle klassar med venteliste kvart år.
Vi har også statistikk frå skuleåra 2017-2021 kor mange som har søkt bygg og anleggsteknikk frå hafs reionen, Solund, Hyllestad. Askvoll og Fjaler.
Her syner ein dramatisk nedgang, eksempelvis er det 3 elevar med ungdomsrett frå heile Hafs som har søkt bygg og anleggsteknikk i 2020-21. Det ligg mellom 100-120 avgangselevar frå hafs regionen kvart år.
Dette er uhaldbart for Hafs regionen at 2-3% av elevane vel bygg og anleggsteknikk då denne næringa er blandt dei største, bedriftene får ikkje tak i arbeidskraft og har derfor garantert 11 lærepassar i året i faga, røyrleggjar, tømrarfaget, betongfaget og fjell og bergverksfaget.
Dette underbyggjer nødvendigheita med å få oppretta ein kombiklasse tip/bygg og anleggsteknikk ved Dale videragåande skule og med inntill 15 elevar.
Skulen har gode undervisningslokale og eit breitt næringsliv å spele på.
Byggopp har gjennomført rekrutteringsprosjekt i hafsregionen og det er mange elevar som tenkjer å søkje bygg og anleggsteknikk i åra som kjem dersom ein kan få oppretta ei linje ved Dale vgs og unngår hybel problematikken.
sjå vedlegg om læreplassgaranti og søkjartall.

VG2 Kem-kombi rør/blikk/ventilasjon foreslås ved Flora og Sogndal.

Vi har eit stort behov for lærlingar i røyrfag, taktekkararfaget og ventilasjon og blikkenslagerfaget i nordfylket.
Det er difor naudsynt å kunne tilby denne utdanninga både på Flora vgs og Sogndal vgs i kombiklassar med inntil 15 elevar. Byggopp har skreve 21 lærekontrakter i faga i 2020. Totalt har vi 53 løpande lærekontrakter i røyrleggjarfaget, 5 kontrakter i ventilasjon og blikkenslagerfaget og ei kontrakt i taktekkjerfaget totalt 59 løpande kontrakter i kem faget.
Dette syner behovet for 2 kombilinjer med røyr, ventilasjon, blikk og taktekkjarfaget.

Hans Martin Moxnes – Direktør EBAV og daglig leder Byggopp Vestland
Håkon Svoen – opplæringsleder Byggopp Vestland nord
Karl Strømsnæs – konstituert opplæringsleder Byggopp Vestland sør

| | VG1 | VG2 tømrer | VG2 betong/ mur | VG2 kombi tømrer/bet ong | VG2 KEM | VG2 kombi rør/vent blikk | VG2 ANL | Byggopp sitt innspill | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Slåtthaug | 4 | 2 | 1 | | | | | Videreført dagens tilbud på Vg1 og et vg2 betong/mur og VG2Tømrer | |
| Laksevåg vgs | 4 | 2 | | | | | | Videreføre dagens tilbud. VG2 Betong må ivaretas som et tilbud her eller på Askøy | |
| Arna | 2 | 2 | | | | | | Endre til 2 VG1 | |
| Åsane | 3 | 2 | 1 | | 2 | | | Videreføre dagens tilbud. VG2 Betong/mur opprettes | |
| Sotra | 2 | 1 | 1 | | | | | Videreføre dagens tilbud. VG2 Betong/mur opprettes | |
| Stord | 1 | | | 1 | | | | Videreført dagens tilbud og VG2 kombi betong/tømrer \| Ønsker kombiklasse vg2 betong/tømrer | Ønsker kombiklasse VG2 betong/tømr er |
| Voss | 2 | 1 | 1 | | | | | Videreført dagens tilbud på VG1 og VG2 betong/mur og VG2 Tømrer | |
| Askøy | 2 | 1 | | | | | | Videreføre dagens tilbud. VG2 Betong må ivaretas som et tilbud her eller på Askøy | |
| Odda | 1 | 1 | | | | | | Videreføre dagens tilbud. Betongtilbud må sees i sammenheng med Stord | |
| Kvinnhera d | 2 | 1 | | | | | | Videreføre dagens tilbud. Betongtilbud må sees i sammenheng med Stord | |
| Knarvik | 3 | 3 | | | | | | Videreføre dagens tilbud. VG2 Betong/mur opprettes. TAF-linjen videreføres | |
| Austrheim | 1 | 1 | | | | | | | |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Os | 2 | 1 | | | | | 4 | Videreføre dagens tilbud. | |
| Flora | 2 | 1 | | | | 1 | | Endre til 2 VG1, VG2 tømrerfaget og kombi på Rør/Vent/tak med inntill 15 elever | |
| Dale vgs | 1 | | | | | | | Kombiklasse VG1 TIP/BA | |
| Øyrane | 5 | 1 | | 1 | | | 2 | Videreført dagens tilbud på VG1 og VG2 kombi betong/tømrer med 15 elever samt 2 på VG2 Anlegg | Ønsker kombiklasse VG2 betong/tømrer |
| Måløy | 1 | 1 | | | | | | Videreført dagens tilbud på VG1 og VG2 tømrer | |
| Stryn | 1,5 | | | 1 | | | | Videreføre dagens VG1 og kombi betong/tømrer med inntill 15 elever | Ønsker kombiklasse VG2 betong/tømrer |
| Sogndal | 4 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | Videreført dagens tilbud på VG1 og VG2 kombi betong/tømrer med 15 elever samt 1 på VG2 Anlegg. Kombi på Rør/Vent/tak med 15 elever | Ønsker kombiklasse VG2 betong/tømrer |
| **Total** | **44** | **22** | **4** | **4** | **2** | **2** | **7** | | |

Handalag
Fleirfagleg opplæring midt i Hordaland

Handalag Opplæringskontor
Sandvenvegen 40
5600 NORHEIMSUND
TELEFON: 56 55 38 80
E-POST: post@handalag.no
BANKGIRNR.: 3530 07 04318
ORG.NR.: 980 329 216
HEIMESIDE: www.handalag.no

Norheimsund, 18.09.2020

Vestland fylkeskommune

**Vedlegg til søknad om oppretting av Vg2 Transport og logistikk ved Kvam vgs.**

Handalag Opplæringskontor støttar søknaden om å få oppretta vg2 Transport og logistikk ved Kvam vidaregåande skule frå hausten 2021.

Intensjonsavtalane skulen har inngått med lokale bedrifter, viser at det er positiv interesse for å ta i mot lærlingar i dei aktuelle faga. Dette gir eit godt grunnlag for at elevane får fullført løpet med fagbrev.

Som opplæringskontor arbeider me for at bedriftene skal rekruttera framtidige tilsette via lærlingordninga. Handalag Opplæringskontor har i dag 90 lærlingar fordelt på 25 fag i Kvam, Jondal og Bjørnafjorden. Kontoret arbeider kontinuerleg for å få fleire verksemder godkjende som lærebedrifter og for å auka talet på lærlingar. Ved å oppretta ein klasse i transport- og logistikk, vil ein truleg få fleire lokale søkjarar til faget, og med dette auka talet på lærlingar totalt.

For lokalsamfunnet er det sterkt ønskjeleg med fleire vg2-tilbod for å unngå at elevar reiser bort det året dei fyller 17.

Me vil sterkt oppmoda fylkeskommunen om at tilbod i Vg2 Transport og logistikk vert oppretta ved Kvam vidaregåande skule.

Venleg helsing

Tone Søgaard
Dagleg leiar

Svanhild Birkenes
Opplæringskoordinator

## Tor Ivar Sagen Sandvik

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Inge Jarl Auestad <ija@maropp.no> |
| **Sendt:** | torsdag 8. oktober 2020 08:42 |
| **Til:** | Tor Ivar Sagen Sandvik; susan.husabø@vlfk.no |
| **Kopi:** | Geir Fridtjof Foldøy; Rune Gåsland; Vivian.Horgen@vlfk.no; Arne Lier; Tove.Fosund@vlhfk.no; Jan Kåre Greve; Torunn Lied Giske; Åsta Navelsaker Røed; Knut Olav Bjørnholm |
| **Emne:** | Innspel til opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 |

Hei!

Takk for at de vil ta omsyn til innspel frå næringane om opplæringstilbodet for 2021/22!

Maritimt Opplæringskontor mangla ved hovudinntaket dette året ca. 50 søkjarar til våre ledige læreplassar i matrosfaget og motormannfaget.
På landsplan var mangelen ca. 200 i desse faga.
Vi ser at det og for dei komande åra vil være stort behov for lærlingar i vår næring.

På denne bakgrunn vil vi be om at de dimensjonerer følgande:

**Vg2 Maritime fag:**

| | |
|---|---|
| Laksevåg og Bergen Maritime vgs.: | 4 klassar/ 60 elever |
| Rubbestadnes vgs.: | 2 klassar/ 30 elever |
| Austevoll vgs.: | 2 klassar/ 30 elever |
| Måløy vgs. | 2 klasser/ 30 elever |

**Vg3 Maritim Elektrikar:**

| | |
|---|---|
| Laksevåg og Bergen Maritime vgs.: | 1 klasse/ 15 elever |

Vi arbeidar i desse dagar svært aktivt med rekruttering inn mot dei maritime faga. Om det er skular som no får så god søknad at dei vil utvida tilbodet ut over det vi her føreslår, så vil vi gjerne vera med i ein dialog om det.

Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål eller treng meir informasjon.

*Med venleg helsing*

**Inge Jarl Auestad**
*dagleg leiar*
Maritimt Opplæringskontor Sør/Vest Norge
Telefon: +47 52 70 89 22
Mobil: + 47 926 24 734
www.maropp.no

***«God start på maritim karriere»***

OFEL – Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane

Til Opplæring og kompetanse
Vestland fylkeskommune

Førde 09.10.20

# INNSPEL OPPLÆRINGSTILBOD
# Vidaregåande opplæring i Vestland nord 2021-2022

**INNLEIING**
Elektrobransjen i Sogn og Fjordane har stort behov for faglært arbeidskraft. Dette fører til våre lærebedrifter tek inn relativt mange lærlingar sett i forhold til landet generelt og mot andre fag i eige fylke. Dersom tilgangen til ferdig utdanna fagarbeidarar ikkje betrar seg, vil vi ha behov for om lag same talet lærlingar som vi har hatt dei siste åra. Ein auke er ikkje forsvarleg utifrå kvaliteten på opplæringa i kvar enkelt bedrift. Dårleg tilgang på faglært arbeidskraft hindrar både vekst i bransjen og kapasitet på å kunne ta inn fleire lærlingar.

På grunn av kvalifikasjonsforskrifta (FEK) som gjev ei sterk avgrensing i bruk av ufaglært arbeidskraft, gjer at Elektrofaga er i ei særstilling og meir avhengig av lærlingordninga enn andre fag. Denne næringa vil difor vere svært sårbar for negative endringar i utdanningstilbodet i vidaregåande opplæring.

Vi meiner at politikarane som skal vedta utdanningstilbodet må ha dei rette verktøya for dimensjonering. I yrkesfaga er tal læreplassar styrande for dette arbeidet. Vi etterlyser eit liknande verktøy for å dimensjonere studiespesialisering.

**TILBOD 2021-2022**

Vg1 Elektrofag:
Tilbodet på vg1 elektro må haldast på nivået frå 2020-2021. Dette fordi ein må ta høgde for avskaling og kryssløp til andre fag. Elektro er eit populært fag, det syner søkjartala gjennom mange år. I det grøne skiftet er elektrifisering og digitalisering løysinga på dei fleste områder. Det er då viktig at flest mogeleg som søkjer faget får tilbod, slik at denne interessa ikkje blir redusert. For å dra nytte av høg interesse, må ein marknadsføre dei moglegheitene elevane har i kryssløp. Dette for å auke rekruttering til andre fag som har stort potensiale for å ta inn lærlingar. Eksempelvis til Køyretøy, Industri teknologi og Maritime fag.
**Dette betyr at politikarane som skal vedta tilbodet i elektrofag vg1, ikkje berre kan sjå på potensiale for læreplassar i elektrofaga, men og for andre bransjar i eit breiare perspektiv.**

NELFO Sogn og Fjordane
Opplæringskontor Elektrofag
Postboks 781, 6805 FØRDE
Besøksadresse: Concord Firdaveien 6
E-Post: bjarte.heggheim@nelfo.no
Tlf: 57 82 14 22

Vg2 Elenergi:
Tilbodet med seks klassar vg2 elenergi meiner vi er riktig dimensjonert. Det er i dag to klassar i Sunnfjord, det bør det og vere i framtida, men dei må vere lokalisert fast på ein plass for å vere føreseieleg både for lærarkrefter, fagmiljø og innsøking. Vi ønskjer stabilitet i tilbodet på skulane.

Automasjon vg2 og vg3:
Tilbod bør vere på dagens nivå. med 2.klassar.

Data og Elektronikk vg2 og vg3:
Tilbod bør vere på dagens nivå. Skulane som har vg3 tilbod må ta eit større regionalt ansvar i høve kontakt og rekruttering til næringslivet totalt sett i region nord. ( S. og Fj.)

Utdanningsprogram med vg3 i skule:
Utdanningstilbod med normalt løp med vg3 i skule, bør vere mogeleg å søke for læreplass frå vg2 gjennom vigo. Dette betyr at det må vere eit reelt alternativ å kunne søke læreplass ut frå vg2 også i desse faga. Det må opprettast tilbod om vg3 restteori for lærlingane, enten frå skulane eller av opplæringskontora.

Bjarte Heggheim
Regionsjef Nelfo Sogn og Fjordane

NELFO Sogn og Fjordane
Opplæringskontor Elektrofag
Postboks 781, 6805 FØRDE
Besøksadresse: Concord Firdaveien 6
E-Post: bjarte.heggheim@nelfo.no
Tlf: 57 82 14 22

Vestland fylkeskommune
Avdeling Opplæring og Kompetanse
v/Rolf Årdal

06.09.2020

# Opplæringstilbodet 2021 – 2022

Under følgjer innspela våre til opplæringstilbodet 2021-2022.

## 1. Teknologi og industrifag

Medlemsbedriftene våre innan industrifaga i Nordfjord *(Stryvo, Ekornes, Nomek, Brødrene AA, PreTre, Nordvestvinduet, Innvik, Moderne Varme, Vendanor, Easyform og Best Fishing Gear)* har åleine behov for minimum 24 lærlingar frå industrifaga årleg. I tillegg kjem lærebedrifter som er frittståande eller medlemmer i andre opplæringskontor.

Det har også i 2020 vore særs utfordrande å klare å imøtekome dette behovet hos industrien. Dette trass i eit omfattande rekrutteringsarbeid frå både bedrifter, opplæringskontor, bransjen sjølv og Norsk Industri. Det bør for skuleåret 2021-22 leggast til rette for at flest mogleg som søkjer Vg2 Industriteknologi får tilbod om dette for å imøtekome behovet for industrien.

## 2. Elektro og datateknologi

Det var med stor glede det blei oppretta tre Vg1 klasser i Nordfjord for skuleåret 2020-21 etter fleire år med innspel om dette frå både oss i Nordfjord Opplæringskontor, næringslivet og ulike næringsorganisasjonar i Nordfjord. Opprettinga av tre Vg1 klasser er viktig for å sikre stort nok tilfang til dei ulike Vg2-tilboda, og ikkje minst for å kunne imøtekome behovet for rekruttering i næringslivet.

## 3. Helsefag

Medlemskommunane våre Gloppen kommune, Kinn kommune (Måløy), Stryn kommune og Stad kommune vil årleg ha behov for kring 25 til 30 nye lærlingar innan helsefag. Ei aldrande befolkning, samt det faktum at kring 170 innan helsesektoren skal gå av med pensjon i løpet av dei tre til fem neste åra, gjer det kritisk viktig at kommunane får tilført kompetanse. Vi meiner tilboda innan helse samla sett i Nordfjord og i nærliggjande område er dimensjonert riktig for å imøtekome dette behovet.

## 4. Bygg og anleggsteknikk

Medlemsbedriftene våre innan Bygg og anleggsteknikk *(Stad Kystbygg, Vest Byggservice AS, Vest Bygg&Betong AS, Stryn Eiendom Entrepenør AS, Utvik Bygg, Bødal&Næss Bygg AS, Betongentrepenør Kåre Bøe AS, Tinde Hytter, Hornindal Bygg og Ing. Kåre Tvinnereim)* har behov for mellom 12 til 15 lærlingar i året framover innan tømrarfaget og betongfaget. I tillegg kjem frittståande lærebedrifter og bedrifter som er knytt til andre opplæringskontor.

Dette viser at behovet for lærlingar i åra framover er stort innan utdanningsområdet, og det bør dimensjonerast slik at dette behovet i størst mogleg grad kan innfriast.

## 5. Vg2 Kokk og Servitørfag

Dessverre blei det ikkje i skuleåret 2020-21 funne grunnlag for Vg2 Kokk og Servitørfag ved Måløy vidaregåande skule. Trass i eit enormt behov frå bransjen i høve rekruttering, har diverre søkjartalet til restaurant- og matfag vore urovekkande dårleg over lengre tid. Vi trur at svak marknadsføring og for lite informasjon kring dette programområde er medverkande årsaker til det låge søkjartalet. Vi opplever eit auka fokus frå bransjen på denne problemstillinga.

Trass i at søkjartalet til skuleåret 2020-21 var dårleg, meiner vi at det er viktig å lyse ut tilbod om Vg2 Kokk og Servitør ved Måløy vidaregåande skule for skuleåret 2021-22. Behovet for lærlingar og rekruttering er stort, og ein bør difor lyse ut tilbodet.

## 6. Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Utdanningsområdet Informasjonsteknologi og medieproduksjon vart innført ved Måløy vidaregåande skule frå skuleåret 2020/21, og det med gode søkjartal (Alle 15 plassar fylt opp). Ut frå tilbakemeldingar frå både elevar og næringslivet ser ein det som fordelaktig at det blir oppretta ei halv klasse Vg2 Informasjonsteknolgi og ei halv klasse Vg2 Medieproduksjon til skuleåret 2021/22. Trass i at tilbodet er nytt, meiner vi å ha grunnlag for at ei slik løysing vil samsvare godt med tilgang på læreplassar innan dei ulike lærefaga. Vi vil saman med næringslivet jobbe for at det står læreplassar klare til elevane frå våren 2022.

## 7. Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse

Vi er særs nøgde med at ein har fått til både fysiske skuleplassar på Vg4 i Nordfjord, i tillegg til at ein har etablert nettbasert Vg4-studium. Det nettbaserte Vg4 løpet har visst seg å vere særs populært. Derimot passar ikkje naudsynleg eit nettbasert løp for alle. Difor meiner vi at på det ordinære Vg4-løpet burde talet på plassar vore auka frå 5 til 12 elevar. Vi tykkjer det er uheldig at det er lagt til rette for fleire plassar på Vg3 påbygg enn Vg4 påbygg. Det å sikre at flest mogleg av elevane på yrkesfag tek fagbrev, og heller deretter legge til rette for at ein kan gå på Vg4, er etter vår meining viktigare enn å legge til rette for Vg3. Verdien av å ha eit fagbrev er stor uavhengig om ein har planar om vidareutdanning eller ikkje, og ein bør gjere ei justering for å sikre at dei som tek fagbrev er sikra å kunne ta Vg4 i Nordfjord anten fysisk eller via det nettbaserte tilbodet.

## 8. YSK

Vi er særs glade for at det ser ut som at YSK-modellen blir oppretthaldt ved Måløy vidaregåande skule. Våre erfaringar innan mellom anna YSK Helsefag er svært gode. Elevane er særs motiverte, har særs gode teoretiske og praktiske dugleikar, og har særs gode resultat på fagprøvene. Løpet gir etter vår meining ei god opplæring innan faget sidan ein kombinerer teori og praksis over fire år. Vi meiner løpet er verdifullt å halde fram med. Grunnlaget elevane/lærlingane legg i

fireårsløpet gir særs gode moglegheiter både for vidare jobb, og òg som grunnlag for andre utdanningar som til dømes sjukepleiar.

Oppsummert er vi særs nøgde med dimensjoneringa og tilboda i Nordfjord innan våre fag på det noverande tidspunktet, og vi tykkjer det er gledeleg at ein har klart å dimensjonere tilboda etter innspel frå både opplæringskontor og næringsliv dei siste åra.

Med beste helsing
for Nordfjord Opplæringskontor

sign.
Tom-Øyvind Solheim

## Tor Ivar Sagen Sandvik

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Onar Nilsen <onar@okel.no> |
| **Sendt:** | onsdag 7. oktober 2020 14:57 |
| **Til:** | Tor Ivar Sagen Sandvik; Susan Kathinka Halvorsen Husabø |
| **Kopi:** | Lillefosse Tore (Bravida); Ann Elin Hansen; Jeanette Sveri |
| **Emne:** | Opplæringstilbudet neste år |

Viser til møte 2.10. Finner det på sin plass å påpeke at frist for tilbakemelding er svært kort i tillegg til at den er lagt til høstferien. Det gjør at innspill til opplæringstilbudet neste år blir av generell karakter.

Vi registrerer at det fremdeles er mange søkere til våre lærefag (elektriker og telekommunikasjonsmontør) som står uten læreplass. Til tross for coronakrisen har våre lærebedrifter i stor grad tatt inn det antall lærlinger som kan forventes. Vi mener derfor det fremdeles er behov for reduksjon i antall skoleplasser på VG2 Elenergi.

Med vennlig hilsen
**Onar Nilsen** | Daglig leder |Tlf.: 411 044 65

OKEL Bergen og Omegn
**Opplæringskontoret for Elektrofag i Bergen og Omegn**
Veiten 3 | 5012 BERGEN | Tlf.: 908 12 083

# Innspill til opplæringstilbudet i Vestland fylke skoleåret 2021/22

**Opplæringstilbudet i Vestland fylke:**

| **Fylket foreslår** | Innspill fra OKAMB og OKTF |
|---|---|
| Fylkestinget meiner framtidig inntaksmodell i Vestland fylkeskommune skal bygge på følgjande prinsipp: -<br><br>- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.<br>Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.<br>- Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærare heimstaden til eleven.<br>- Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på der dette er mogleg. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program. For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogleg rett til oppflytting. | **Enig**<br><br>Det er ønskelig at de tilrettelagte klassene på skolene også følger ett programtilbud som tilpasses vekstbedriften og arbeids & inkluderingsbedriftene og det lokale næringslivet. Denne gruppen har som oftest ikke samme mulighet til å være mobil for flytting, eller tilpasse seg lang reisevei. Elevene er også utplassert i YFF og ett bedre tilpasset samspill mellom skoletilbud og arbeidsliv er etterspurt. Elevene fra disse klassene trenger ofte tilpasset arbeid i lokalmiljøet etter avsluttet skole.<br>Et tilbud innen y-veien for tilrettelagt opplæring med 2+2 som hovedmål (men med mulighet for de som trenger 1+3 eller 0+4) der opplæring innen fag starter på skolen er ønskelig. |
| | |
| 1. Oppsummering av fylkesrådmannen sitt framlegg:<br><br>• Inntaksmodellen i Vestland fylkeskommune er ein nærskulemodell. Alle elevane er knytt til eit nærskuleområde ut frå heimkommune (i nokre tilfelle av tildeling etter postnummer)<br>.<br>• Alle søkarane kan søke seg til alle skulane i fylket, men får nærskulepoeng (tilleggspoeng) berre til nærskule (-ar) etter folkeregistrert kommune.<br>• Til alle utdanningsprogram/programområde nærskulen (-ane) ikkje har tilbod om, får søkaren nærskulepoeng til alle skulane i fylket. | **Enig**<br><br>Vi ønsker en 1. februar søkeprosess for lærekandidater med spesialundervisning i bedrift i Vigo men med følgende rutiner:<br><br>Informasjonsarbeid/henvisning fra elev eller skole:<br>- Gi informasjon om lærekandidatordningen til videregående skoler i geografisk tilknytning til vekstbedriften og arbeids & inkluderingsbedriftene<br>- Henvendelser fra elev eller skole som ønsker å søke læreplass i vekstbedriften og arbeids & inkluderingsbedriftene |

| | |
|---|---|
| • Etter at søkarar med nærskulepoeng er tatt inn konkurrerer søkarar utan nærskulepoeng om ledige plassar ved skulane<br>• Dersom det er fleire søkarar med nærskulepoeng enn plassar ved eit tilbod, vil søkarar som ikkje konkurrerer seg inn, få tilbod ved anna skule enn nærskulen. Med nærskuleprinsipp er heimkommune første sorteringskriterium og karakterane andre sorteringskriterium.<br>• I studieførebuande utdanningsprogram blir det rett til oppflytting til vg2 og vg3.<br>• I yrkesfaglege utdanningsprogram blir det karakterbasert inntak til vg2 og vg3.<br>• Resultat av rett til oppflytting i studieførebuande utdanningsprogram og karakterbasert inntak i vg2 og vg3 yrkesfag, er at nærskuleinntak gjeld vg1. | Søknad til vekstbedriften og arbeids & inkluderingsbedriftene:<br>- OKAMB har utarbeidet et søknadsskjema som ligger på okamb.no. Kan ta utgangspunkt i dette. OBS: viktig å innhente samtykke for å kunne samarbeide med skolen og PPT om eleven. Det bør ligge ved noe dokumentasjon om søkeren for å sikre best mulig tilrettelegging når eleven starter YFF/læreplass. En ønsker sakkyndig vurdering og Individuell opplæringsplan (IOP) som vedlegg til søknad.<br>- Elever som ikke har utbytte av den ordinære undervisningen har rett til spesialundervisning jamfør opplæringsloven<br>- Opplæringsavdelingen fatter vedtak om spesialundervisning på bakgrunn av PPT sakkyndige vurdering.<br>Yrkesfaglig fordypning<br>- En arbeidspraksis/utplassering fra skolen i en avtalt periode (eksempelvis inntil 30 arbeidsdager)<br>- Avklare tilretteleggingsbehov, lærefag o.l.<br>Opplæringskontrakt<br>Dette vil da være samme modell som er utprøvd og vedtatt som ordning i Viken fylkeskommune og i Vestfold og Telemark fylkeskommune |
| | |
| | |

**Med vennlig hilsen**

Opplæringskontoret AMB Hordaland **(OKAMB)** www.okamb.no

Opplæringskontoret for Tilrettelagt Fagopplæring Sogn og Fjordane (**OKTF**) www.oktf.no

OPPLÆRINGSKONTORET
FOR ANLEGGS-
OG BERGFAGENE

**Vestland fylkeskommune** 07.10.2020

Innspel til opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22

OKAB S&F har i fleire år meldt inn at det er behov for den 4. gruppa i Vg2 Anleggsteknikk i Sogn og Fjordane.

Det har dei siste åra vore stor oversøking til Vg2 Anleggsteknikk. Alle elevar som kvalifiserar seg til læreplass får læreplass i faga Anleggsteknikk rekruterar til. Sjølv med korona krisa som herjar har alle fått læreplass. Vg2 Anleggsteknikk rekruterar frå Vg1 Bygg og Anlegg og Vg1 Teknologi og Industrifag (tidlegare TIP). Det er i dag 2/3 frå vg1 BA og 1/3 frå Vg1 TI på vore tre grupper Vg2 Anleggsteknikk.

Det er auka opp med ein elevar pr gruppe, men det er ikkje nok.

Det er og vil bli god aktivitet i bransjen framover

Helsing

Jan Erik Øygard
Opplæringskontoret for Anleggs- og Bergfagene
Sogn og Fjordane
www.okab.no
www.mef.no
Mob. 95 46 72 02
jan.erik.oygard@mef.no

Kontoradresse: Eitrheimsvegen 18, 5750 Odda
post@okhardanger.no, www.okhardanger.no
Tlf: 53 64 65 00
Mob: 917 16 107 / 469 05 706

Til Vestland Fylkeskommune

Vedrørende dimensjonering av utdanningstilbudet 2021/2022 i Vestland Fylkeskommune

Basert på vår erfaring med oppfølging av lærlinger i Hardanger ønsker vi å komme med noen innspill vedrørende dimensjonering av utdanningstilbudet 2021/2022, og da spesielt opp mot Odda Videregående skule.

Vi ønsker Vg 1 Elektro og Datateknologi med tilbud andre år Vg 2 Elenergi og ekom. Vi har mange bedrifter innen disse fagene og det er særlig viktig for oss å beholde dette tilbudet.

Vi ønsker fortsatt Vg1 Teknologi- og Industrifag med tilbud andre år både Vg2 Industriteknologi og Vg2 Kjemiprosess og laboratoriefag. Vedrørende Vg2 Industriteknologi og Vg2 Kjemiprosess og laboratoriefag så bør skolen i større grad profilere og integrere automasjon. Automasjon er på full fart inn i alle yrker. Vi snakker ofte om at vi må utdanne automatikere i stor skala, men det har vi verken ønske eller nok læreplasser til. Samtidig vet vi at det blir mer og mer viktig med både automasjon og datakompetanse over alt i samfunnet. Med alle bedriftene vi har i nærområde med arbeidstakere med høy kompetanse så bør en kunne få til et opplegg som hadde styrket linjen.

Vi ønsker Vg1 Helse og Oppvekstfag med tilbud andre år Vg2 Helsearbeiderfag. Vedrørende Vg2 Helsearbeiderfaget så bør skolen i større grad profilere og integrere automasjon og datakompetanse. Automasjon er på full fart inn i alle yrker. Vi snakker ofte om at vi må utdanne automatikere i stor skala, men det har vi verken ønske eller nok læreplasser til. Samtidig vet vi at det blir mer og mer viktig med både automasjon og datakompetanse over alt i samfunnet. Med alle bedriftene vi har i nærområde med arbeidstakere med høy kompetanse så bør en kunne få til et opplegg som hadde styrket linjen.

Vi ønsker Vg1 Bygg og anleggsteknikk med tilbud andre år Vg2 Tømrer. Det er særlig viktig at vi beholder Vg1 og at dette blir gjennomført hvert år.

Vi ønsker Vg1 Studiespesialisering med både Vg2 og Vg3 Språk Samfunnsfag og Økonomi og Vg2 og Vg3 Realfag. Vedrørende språk samfunnsfag og økonom så bør skolen i større grad profilere og integrere friluftsliv. Friluftsliv har vi ekstra forutsetninger for å kunne tilby noe helt unikt. I stedet for å lage noe helt nytt så bør vi utvikle ei kjent linje som gir brei kompetanse også for andre utdannelser. Samtidig kan linjen være attraktiv for ungdommer fra andre plasser som er særlig opptatt av friluftsliv og som kanskje setter disse verdiene høyt.

Vedrørende realfag så bør skolen større grad profilere og integrere Automasjon. Automasjon er på full fart inn i alle yrker. Vi snakker ofte om at vi må utdanne automatikere i stor skala, men det har vi verken ønske eller nok læreplasser til. Samtidig vet vi at det blir mer og mer viktig med både automasjon og datakompetanse over alt i samfunnet. Med alle bedriftene vi har i nærområde med arbeidstakere med høy kompetanse så bør en kunne få til et opplegg som hadde styrket linjen.

Vg1 Idrettsfag med Vg2 og Vg3 Idrettsfag. Skolen bør i større grad profilere og integrere friluftsliv i linjen. Friluftsliv har vi ekstra forutsetninger for å kunne tilby noe helt unikt. I stedet for å lage noe helt nytt så bør vi utvikle ei kjent linje som gir brei kompetanse også for andre utdannelser.

Vi ønsker styrking av Lærlingundervisning.

**<u>Fellesfag Vg1 og Vg2</u>** må fortrinnsvis gis på skolen en dag i uken. I tillegg bør fylkeskommunen i større grad følge opp og kunne tilby fjernundervisning både for Vg1 og Vg2 fellesfag der det ikke er mulig å gi et tilbud på den lokale videregående skole.  De lokale videregående skolene bør også tilstrebe å kunne gi et tilbud til lærlinger som mangler fellesfag. Dette tilbudet må gå på en dag i uken når det gjelder fellesfag Vg1 og en dag i uken for fellesfag Vg2. Når vi opplever at dette blir spredd på flere dager og skolen forventer at lærlingen skal kunne reise opp til mange mil for hver time, så er det ikke å anse som et reelt tilbud. En del fag er 1 +3, en del utdanninger har vi ikke vg2 tilbudet for ute i distriktet og vi har ungdommer som sliter med å gå på skolen og som OT og rådgiverne ønsker at vi skal prøve å gi et tilbud. Mange av disse er ungdommer som dersom det blir tilrettelagt med skole en dag i uken klarer å komme seg gjennom alle fagene eller mange av fagene. Vi har erfaring med at lærlingene går inn i forskjellige klasser og at fellesfagene kanskje ikke blir så yrkesrettet som ideelt, men de fleste kommer seg gjennom og får bestått også fellesfagene.

**Yrkesteori** som ikke finnes lokalt og der skolen ikke klarer å gi et tilbud en dag i uken, bør i mye større grad kunne gis som fjernundervisning. Dette er en av våre store utfordringer, når vi må sende ungdommer til Bergen for at de skal få nødvendig teori lagt til en arbeidsdag i uken.

Mvh
Opplæringskontoret for Hardanger

……………………………………………
Terje Rognsvåg
Daglig leder

OPPLÆRINGS kontoret FOR HARDANGER
Kontoradresse: Eitrheimsvegen 18 5750 Odda
E-post: Post@okhardanger.no
Hjemmeside: www.okhardanger.no
Tlf: 53 64 65 00
Mobil: 917 16 107 / 482 30 496 / 469 05 706

## Innspel til opplæringstilbod for skuleåret 2021 -2022

Innspel frå Opplæringskontoret for Nordhordland.

Opplæringskontoret for Nordhordland er ein medlemsorganisasjon for lokale bedrifter som er eller ynskjer å bli lærebedrifter.

I Nordhordland er det stor etterspørsel etter fagarbeidarar. Så det er trong for å utdanna fleire for å dekka etterspørselen lokalt. Me har i mange år marknadsført lærlingordninga, og har fått stadig fleire medlemsbedrifter som ynskjer å bidra i arbeidet med å utdanna fleire fagarbeidarar. Me er uroa over at situasjonen har endra seg frå at det var fleire søkjarar enn det var læreplassar, til at det no er vanskeleg å finna søkjarar til å fylla utlyste læreplassar.

Regionen er stor og næringslivet er sprett. Me ser at næringslivet i dei mest rurale delane av regionen, også er dei som slit mest for å få tak i søkjarar til å fylla utlyste læreplassar. Det er derfor viktig for våre medlemsbedrifter at utdanningstilbodet i regionen vert oppretthalde og helst vidareutvikla. For næringslivet i ytre delar av regionen er det særleg viktig å oppretthalda og vidareutvikla tilbodet på Austrheim vgs. Dette fordi mange som bur i ytre delar av regionen, må flytta dersom dei ikkje finn eit tilbod på Austrheim vgs (gjeld fyrst og fremst elevar frå Fedje, Gulen og Solund)

Tal lærlingar i lære hjå Opplæringskontoret for Nordhordland har vakse jamt og trutt sidan 2002. Me ser framleis potensiale for vidare vekst, særleg innan einskilde bransjar.

Me vil elles gjera merksam på at ikkje alle lærebedriftene i regionen har valt å vera med i det lokale Opplæringskontoret. I tillegg til våre medlemsbedrifter finns det frittståande lærebedrifter innan dei ulike faga og bedrifter som er medlemmar i bransjekontor.

**Læreplassar innan bygg- og anleggsfag (aktive pr. d.d.): totalt 46 læreplassar**

Betongfaget, 6 læreplassar. Manglar vg2 tilbodet betong og mur i regionen

Byggdriftarfaget, 3 læreplassar. Særløp bygd på vg1 bygg og anleggsteknikk

Feiarfaget, 2 lærlingar. Særløp bygd på vg1 bygg og anleggsteknikk

Glassfaget, 1 læreplass. Særløp bygd på vg1 bygg og anleggsteknikk

Industrimålarfaget, 1 læreplass. Ingen vg2 tilbod i overflateteknikk i regionen

Målarfaget, 1 læreplass. Ingen vg2 tilbod i overflateteknikk i regionen

Røyrleggjarfaget, 7 læreplassar. ingen vg2 tilbod i regionen

Tømrarfaget, 25 læreplassar. Ynskjer vg1 og vg2 tilbod på både Austrheim og Knarvik vgs, då me har medlemsbedrifter i heile regionen, frå Fedje i nord/vest til Ostrerøy i sør/øst.

Skulane i regionen har gjort ei grundig kartlegging av behovet i næringslivet, og har også kjenskap til søkjarmassen, så me vil støtta deira framlegg til dimensjonering.

**Tilråding frå Opplæringskontoret innan Bygg og anleggsfag:**

| Skule | Vg1 | **Vg2** |
|---|---|---|
| Austrheim vgs | 1 klasse Bygg og anleggsteknikk | 1/2 klasse tømrar<br>1/2 klasse anleggsteknikk |
| Knarvik vgs | 2 klassar Bygg og anleggsteknikk<br>1 klasse YSK | 1 klasse tømrar<br>1 klasse betong og mur<br>1 klasse YSK |

**Læreplassar innan Elektro og datateknologi (aktive pr. d.d.): totalt 27 læreplassar**

Automatiseringsfaget, 4 læreplassar. Ingen vg2 tilbod innan Automatisering i regionen

Dataelektronokarfaget, 1 læreplass.

Elektrikarfaget, 20 læreplassar. Byggjer på vg2 Elenergi og ekom

Tavlemontørfaget, 2 læreplassar. Kan ta kryssløp frå Elenergi og ekom

**Tilråding frå Opplæringskontoret innan Elektro og tadateknologi:**

| Skule | Vg1 | **Vg2** |
|---|---|---|
| Austrheim vgs | 1 klasse Elektro og datateknologi | ½ klasse automasjon<br>½ klasse elenergi og ekom |
| Knarvik vgs | 1 klassar Elektro og datateknologi<br>½ klasse YSK | 1 klasse elenergi og ekom<br>½ klasse YSK |

**Læreplassar innan Helse og oppvekstfaget (aktive pr. d.d.): totalt 71 læreplassar**

Helsefaget, 28 læreplassar. Byggjer på vg2 helsearbeidarfag

TAF Helsefag, 17 læreplassar. Byggjer på vg2 YSK

Barne og ungdomsarbeidarfaget, 26 læreplassar, byggjer på vg2 barne og ungdomsarbeidarfag

**Tilråding frå Opplæringskontoret innan Helse og Oppvekstfaget:**

| Skule | Vg1 | Vg2 |
|---|---|---|
| Austrheim vgs | 1 klasse helse og oppvekst | ½ klasse helsearbeidarfag<br>½ klasse barne og ungdomsarbeidarfag |
| Knarvik vgs | 3 klassar helse og oppvekst<br>1 klasse YSK | 2 klasse helsefagarbeidar<br>1 klasse barne og ungdomsarbeidar<br>1 klasse YSK |

**Naturbruk**

Havbruk har blitt ei stor næring i Nordhordland. Og bedriftene innan denne næringa har etterlyst utdanningstilbod i regionen. Så Opplæringskontoret vil støtta Austrheim vgs sin søknad om å få oppretta ein klasse innan naturbruk. Det vil gje ungdommane i regionen større breidde i tilbodet.

Me ser eit stort potensiale for å få fleire læreplassar innan denne næringa.

**Tilrådingar frå Opplæringskontoret innan naturbruk:**

| Skule | Vg1 | Vg2 |
|---|---|---|
| Austrheim vgs | 1 klasse naturbruk | 1 klasse akvakultur |

**Læreplassar innan Sal servise og reiseliv (aktive pr. d.d.): totalt 16 læreplassar**

IKT-servicefaget, 2 læreplassar. Ingen vg2 tilbod i regionen (blir flytta i ny struktur)

Kontor og administrasjonsfaget, 3 læreplassar. Ingen vg2 tilbod i regionen

Salsfaget, 5 læreplassar. Ingen vg2 tilbod i regionen

Logistikkfaget, 3 læreplassar. Ingen vg2 tilbod i regionen.

Yrkessjåførfaget, 3 læreplassar. Ingen vg2 tilbod i regionen

Me veit at det er fleire store bedrifter i Nordhordland som er godkjente lærebedrifter innan yrkessjåførfaget og logistikkfaget (vg2 transport og logistikk). Så her meiner me det er grunnlag for ein ekstra klasse på vg2, sjå tilråding under teknologi og industrifag.

**Læreplassar innan Teknologi og industrifag (aktive pr. d.d.): totalt 44 læreplassar**

Anleggsmaskinmekankarfaget, 4 læreplassar. Ingen vg2 tilbod i arbeidsmaskiner i regionen

Bilfaget lette køyrety, 6 læreplassar. Byggjer på vg2 kjøretøy

Billakkerarfaget,og bilskadefaget, 3 læreplassar. Ingen vg2 tilbod i bilskade, lakk og karosseri

CNC-maskineringsfaget, 2 læreplassar. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Hjulutrustningsfaget, 3 læreplassar. Byggjer på vg2 kjøretøy

Industrimekanikarfaget, 7 læreplassar. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Industrimontørfaget, 2 læreplassar. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Industrirøyrleggjarfaget, 2 læreplassar. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Kran og lyfteoperasjonsfaget, 1 læreplass. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Landbruksmaskinmekanikarfaget, 1 læreplass. Ingen vg2 tilbod i arbeidsmaskiner i regionen

Modellbyggjarfaget, 1 læreplass, Byggjer på vg2 Industriteknologi

NDT kontrollørfaget, 1 læreplass. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Platearbeiderfaget, 2 læreplass. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Polymerkomposittfaget, 2 læreplassar. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Produksjonsteknikkfaget, 2 ledige læreplassar. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Støyperifaget, 1 læreplass. Byggjer på vg2 Industriteknologi

Sveisefaget, 4 læreplassar. Byggjer på vg2 Industriteknologi

**Tilrådingar frå Opplæringskontoret innan teknologi og industrifag:**

| Skule | Vg1 | **Vg2** |
|---|---|---|
| Austrheim vgs | 2 klassar teknologi og industrifag | 1 klasse kjøretøy<br>1 klasse industriteknologi |
| Knarvik vgs | 4 klassar<br>1 klasse YSK | 1 klasse industriteknologi<br>1 klasse YSK<br>1 klasse kjemiprosess<br>1 klasse Transport og logistikk |

**Andre fag:**

I tillegg har me godkjente lærebedrifter i Anleggsmaskinførarfaget, Blomsterdekoratørfaget, Frisørfaget, Glasfaget, Institusjonskokkefaget, Kokkefaget, Reinhaldsoperatørfaget og Seglmakarfaget.

Me vil også støtta Knarvik vgs sitt framlegg om å også ha eit tilbod innan Handverk, design og produltutvikling i Nordhordland. Dette vil bidra til å få eit breiare tilbod totalt i regionen.

**Tilrådingar frå Opplæringskontoret innan Handverk, design og produktutvikling:**

| Skule | Vg1 | **Vg2** |
|---|---|---|
| Knarvik vgs | 1 klasse Handverk, design og produktutvikling | 1 klasse Søm og tekstilhandverk |

**Kommentararar:**

Våre tilrådingar byggjer på det behovet me ser. Dei to siste åra har det vore problem med å fylla dei ledige læreplassane. Dette har særleg gjort seg gjeldande innafor; mekaniske fag, mindre fag der me ikkje har utdanningstilbod i regionen og delvis i helsefaget.

Me ynskjer at Knarvik vgs skal vera tyngdepunktet i utdanningstilbodet i regionen, men ser at det er viktig at det også er ein viss breidde i tilbodet på Austrheim vgs. Søkjarmassen ute i distrikta kan variere frå år til år, men det er særleg viktig å ha tilbod søkbart, slik at det blir oppretta klassar dersom det er nok søkjarar. Dersom ungdommane må flytta i ein alder av 15 – 16 år, så ser me at dei skjeldan kjem attende for å starta i lære. Så me ynskjer at det skal vera eit lokalt alternativ til dei som ynskjer å ta utdanninga si i regionen. Det er stor etterspørsel etter lærlingar og fagarbeidarar. Så innan yrkesfag vil me tilrå denne dimensjoneringa. Me støttar sjølvsagt skulane i deira ynskje om å oppretthalda gode lokale utdanningstilbod også innan studiespesialisering. Men me har vald å fyrst og fremst fokusera på yrkesfagleg utdanning i våre tilrådingar.

På vegner av styret i Opplæringskontoret for Nordhordland

Lillian Vabø Mongstad

Dagleg leiar

## Tor Ivar Sagen Sandvik

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Hans-Børge Lillehaug <hans-borge.lillehaug@okosweb.no> |
| **Sendt:** | onsdag 7. oktober 2020 23:14 |
| **Til:** | Tor Ivar Sagen Sandvik; Susan Kathinka Halvorsen Husabø |
| **Kopi:** | Anne Kristin Førde |
| **Emne:** | OKOS: Innspill til opplæringstilbodet 2021/22 (frist 08.10.2020) |
| **Vedlegg:** | Presentasjon til møte 1 og 2okt 2020_3009.pptx |

Status for rekrutteringsarbeidet 2020 for OKOS sin del viser at det for eigne lærebedrifter er god tilgang på kandidatar innan helse (HEA) og oppvekst (BUA).
OKOS ser derfor ikkje behov for å auke opplæringstilbodet innan desse programområda i denne omgang.

Alle ledige læreplassar i våre fag er besett.

Mvh,

*Hans-Børge Lillehaug*
**Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA**
dagleg leiar
90 61 79 79
Firdavegen 6 (Concord), Pb.57, 6801 Førde
www.okosweb.no

Vestland Fylkeskommune

Skuletilbodet 2021 -  2022

Vi meiner det er viktig at det er samsvar mellom antall vg 1 klasser i Teknikk og industriell produksjon – TIP og det antall vg 2 løp det skal rekrutterast til.

Det vert rekruttert til fleire andre vg 2 løp  frå Teknikk og industriell produksjon – TIP ,  vg 2 industriteknologi, og som td  bil, logistikk, anlegg og bergfag m fl.  Det er difor viktig at det vert teke omsyn til og at antall vg 1 klassar  TIP vert auka.

VG 2 industriteknologi er det vg løpet som rekrutterer til  flest yrker .

For å få samsvar mellom industrien sitt behov for rekruttering til kjemi prosess meiner vi det er nødvendig at fylkeskommunen lyttar til næringslivet sitt behov og startar prosessen med å få  på plass ein vg 2 klasse årleg i kjemi prosess ved Mo og Jølster eller Flora vgs. i  tillegg til klassen ved Årdal vgs., Knarvik og «Laksevåg»   Kvart år  rekrutterer vi  læringar i kjemi prosessfaget frå heile landet, likevel har vi underdekning, og må kompensere med produksjonsteknikk, som igjen medfører at det vert for få lærlingar i ande industrifag.

Tilbod om Vidaregåande utdanning  bør samsvaret med behov for fagarbeidarar  i arbeidslivet på kort og lang sikt . Det blir etter vårt syn feil å ta ned antall studie  plasser med bakgrunn i at ikkje alle får læreplass.  For å ha rett til læreplass må ein ha kvalifisert seg på vg 1 og vg 2  - minimum bestått i alle fag.

Sjølv om vi ser fylket samla må vi  sei at det er krevjande at det ikkje er tilbod om vg 2 industriteknologi ved Sogndal vgs., vi har utfordring med å klare å skaffe lærlingar til industrien i f eks Vik, Luster og Sogndal.  Denne utfordringa vil framleis være der sjølv om Vik får Voss vidaregåande som sin nærskule. Vi meiner det er nødvendig at Voss vidaregåande får vidareføre vg 2 industri og teknologi.

Vårt behov er at alle plasser på vg 1 TIP og vg 2 industriteknologi vert opprettheldt, og at det med bakgrunn i industrien sitt behov vert oppretta ein klasse  vg 2 industriteknologi ved Songdal vgs i tillegg.

Vi ønsker at det vert sett i verk eit modulbasert tilbod i vg 2 kjemiprosess, som elevane på vg 2 industriteknologi kan velje som yrkesfagleg fordjuping ved alle skular. Tilbodet kan være eit tilbod  i samarbeid med dei skulane som har tilbod om vg 2 kjemi prosess, og gjennomførast digitalt.

Generelt for alle fag etterlyser vi eit godt og reelt tilbod for at lærlingar som manglar fellesfag kan få eit tilbod i sin region, modulbasert med samling ein dag i veka, alternativt eit tilbod med sommarskule. Dette er eit behov i aller fagutdanningar.

Med venleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

Dagleg leiar

PRO vestland opplæringskontor

Concordbygget |Firdavegen 6 | Postboks 492 | 6803 Førde |Telefon: 57 83 22 60| Organisasjonsnr: NO 980 026 655 | IBAN NO17 3700 1591 119
www.pro.sf.no
Facebook: Pro Opplæringskontoret

Vestland fylkeskommune

Skuletilbodet 2020 -  2021

Vi meiner det er viktig at det er samsvar mellom antall vg 1 klasser i Sal service og reiseliv  og det antall vg 2 løp det skal rekrutterast til.

Vi ser at salsfag er eit fag som det veksande behov for, salsfag er eit fag som er i teknologisk utvikling, og er særs viktig for å skape konkurranseevne i loka handelsnæring, samstundes ser vi eit voksande behov for fagutdanna seljarar i industri otg teknologibedrifter, både innan hardware og Software og anna tenestyting. Vi ser det som naturleg og nødvendig at sal service reiseliv er eit tilbod ved fleire skular og at det skal være eit tilbod i alle regionar i fylket.

Tilbod om Vidaregåande utdanning  bør samsvaret med behov for fagarbeidarar  i arbeidslivet på kort og lang sikt . Det blir etter vårt syn feil å ta ned antall studie  plasser med bakgrunn i at ikkje alle får læreplass.  For å ha rett til læreplass må ein ha kvalifisert seg på vg 1 og vg 2  - minimum bestått i alle fag.

Vårt behov er at alle plasser på vg 1 og vg innanfor sal service reiseliv som grunnlag for læreplass i salsfag og kontor administrasjon vert oppretheldt. Vi tillet oss å minne om at teknologi og bærekraft er vesentlege team i denne utdanning og at ein også i skule må gjere elvane merksam på at salsfag er eit behov både i tradisjonell handlesnøring men og i næringslivet elles. Vi foreslår at det vert stimulert til å oppretta nettverk for salsfag med stor breidde frå ulike næringar knytt til alle skular som har tilbodet.

Generelt for alle fag etterlyser vi eit godt og reelt tilbod for at lærlingar som manglar fellesfag kan få eit tilbod i sin region, modulbasert med samling ein dag i veka, alternativt eit tilbod med sommarskule. Dette er eit behov i aller fagutdanningar.

Med venleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

Dagleg leiar

PRO vestland opplæringskontor

Førde 08.10.2020

Concordbygget |Firdavegen 6 | Postboks 492 | 6803 Førde |Telefon: 57 83 22 60| Organisasjonsnr: NO 980 026 655 | IBAN NO17 3700 1591 119
www.pro.sf.no
Facebook: Pro Opplæringskontoret

Vestland fylkeskommune
v/ Tor Ivar Sagen Sandvik

12. okt. 2020

# Innspel til opplæringstilbodet 2021-2022

Ytre Sunnhordland opplæringskontor er eigd av dei største industriverksemdene på Stord, som Kværner, Leirvik, Oma båtbyggjeri, Marine Aluminium og Fitjar mekaniske mellom anna. Me har 90 lærlingar innan ulike industrifag.

**Generelt**

Det er stor trong for fagarbeidarar i framtida og det må sikrast eit forutsigbart og breitt tilbod innan fag – og yrkesopplæringa her i Sunnhordland. Verksemdene slit med å få nok kvalifiserte søkjarar til læreplassar og det er dei vidaregåande skulane i regionen som er den føretrekte rekrutteringsarena. Dei ønskjer i størst mogleg grad å tilsette lokale ungdommar.

Det må vera nok klassar på Vg1 nivå, innan alle programområde, geografisk plassert, slik at ungdommane kan byrja på den utdanninga dei ønskjer utan å måtte flytte på hybel. Det må sikrast nok Vg2 linjer, med breiare tilbod, innan dei største programområda i regionen slik at verksemdene kan rekruttera lokalt.

**Konkret**

Medlemsbedriftene til YSO får ikkje tak i nok, kvalifiserte lærlingar

Det er trong for fleire elevar på Vg1 TIP for å sikre nok søkjarar til linjene på Vg2. Det må vera forutsigbart kva tilbod som vert gjeve frå år til år.

Som de ser av tabellen under, er det mange fag der det ikkje er tilbod om Vg2 i Sunnhordland kor medlemsbedriftene har trong for lærlingar.

Ytre Sunnhordland opplæringskontor – Besøksadresse: Sæ 132, 2. et., 5417 Stord – Postadresse: Sæ 132, 5417 Stord – Mobil: 481 41 330
yso@yso.no – www.yso.no – Org.no: 982 462 401 – Bankgiro: 3520.55.45881

| Lærefag | Læreplass | Vg2 | Vg1 |
|---|---|---|---|
| Anleggsmakinførarfaget | 1 | Anleggsteknikk | Bygg- og anleggsteknikk |
| Betongfaget | 2 | Betong og mur | Bygg- og anleggsteknikk |
| Industrimålarfaget | 4 | Overflateteknikk | Bygg- og anleggsteknikk |
| Isolatørfaget | 3 | Ventilasjon, membran og taktekking | Bygg- og anleggsteknikk |
| Byggdriftarfaget | 1 | | Bygg- og anleggsteknikk |
| Stillasbyggarfaget | 3 | | Bygg- og anleggsteknikk |
| Tal elevar | | | 14 |
| Aluminiumskonstruksjonsfaget | 4 | Industriteknologi | Teknologi- og industrifag |
| Dimensjonskontrollfaget | 2 | | Teknologi- og industrifag |
| Gjennvinningsfaget | 1 | | Teknologi- og industrifag |
| Industrimekanikerfaget | 1 | | Teknologi- og industrifag |
| Industrisnikkarfaget | 1 | | Teknologi- og industrifag |
| NDT-kontrollørfaget | 2 | | Teknologi- og industrifag |
| Platearbeidarfaget | 3 | | Teknologi- og industrifag |
| Sveisefaget | 4 | | Teknologi- og industrifag |
| Industrirøyrleggjarfaget | 3 | | Teknologi- og industrifag |
| Tal elevar | | 21 | |
| Kran- og lyfteoperasjonsfaget | 3 | Transport- og logistikk | Teknologi- og industrifag |
| Logistikkfaget | 2 | | Teknologi- og industrifag |
| Tal elevar | | 5 | 26 |

Stillasbyggjarfaget, Isolatørfaget, Industrimålarfaget i tillegg til Kran- og løfteoperasjonsfaget og Logistikkfaget har ikkje Vg2 i regionen. Dette kan auke rekrutteringa frå Vg1, og bety auke i oppretting av 1+3 opplæringsløp.

Med venleg helsing
Ytre Sunnhordland opplæringskontor

Ola Dahl Andersen
Dagleg leiar

Ytre Sunnhordland opplæringskontor – Besøksadresse: Sæ 132, 2. et., 5417 Stord – Postadresse: Sæ 132, 5417 Stord – Mobil: 481 41 330
yso@yso.no – www.yso.no – Org.no: 982 462 401 – Bankgiro: 3520.55.45881